



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
SK 071/07	Skule- og kulturutval	25.10.2007

Ref: 05/223 -10 Ark. A20
Sakshandsamar: Arne P Sunde

Høyring formål for framtida

Presentasjon:

Kunnskapsdepartementet har sendt "NOU 2007: 6 Formål for framtida" på høyring. Departementet vil gjennomføre ein brei høyringsprosess som gjev flest muleg høve til å gje uttale om føremåla for barnehagen og opplæringa.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

NOU 2007: 6 Formål for framtida.
Opplæringslova § 1 – 2. Formålet med opplæringa (formålsparagrafen)

Aktuelt sakstilfang:

Ikkje vedlagt:

- NOU 2007: 6 Formål for framtida.

Saksopplysningar:

Kunnskapsdepartementet har sendt "NOU 2007:6 Formål for opplæringa ut på høyring. Fristen for å gje høyringsuttale er sett til 1. november 2007, og dei tek sikte på å leggje fram ein Odelstingsproposisjon i løpet av våren 2008.

Utvalet, Bostadutvalet, som har gått gjennom føremålet med opplæringa og føremålet for barnehagen gav si utgreiing 8. juni 2007. Utvalet kom med framlegg om endra føremål for barnehagen og endring av føremålet med opplæringa. Utvalet har kome fram til konsensus om framlegg til nye føremål og leverte si samrøystes innstilling.

Kunnskapsdepartementet inviterar til ein open høyringsprosess. I tillegg til den formelle høyringa, bed departementet no også om synspunkt frå interesserte på framlegga til nye formål. Slike synspunkt kan sendast inn elektronisk. Skjema finn ein på departementet si side.

Vurdering:

Utvalet sitt mandat gjekk ut på å vurdere gjeldande føremål serleg med tanke på:

- Utviklinga i samfunnet og det auka mangfaldet som har utvikla seg
- Det kristne verdigrunnlaget
- Endringane i utdanningssystemet.

Vurdere behovet for å sjå føremåla for barnehagen og opplæringa i samanheng.

I vurderinga av gjeldande føremål har utvalet sett på mellom anna:

- Føremåla speglar ikkje dagens samfunn godt nok
- Føremåla kommuniserar dårleg til mange målgrupper
- Føremåla har formuleringar som kan bli oppfatta som ekskluderande
- Føremåla har mange formuleringar som kan vere ukloke ut frå Noreg sine folkerettslege forpliktingar.
- Føremålsparagrafen er for lang.
- Teksten er i lite tilgjengeleg språkdrakt.

Utvalet var einige om at: Føremålsparagrafen skal vere:

- Kort
- Verdibasert
- Seie noko om individ, samfunn og institusjon
- Inkluderande og gjelde for alle.

Føremålet skal på overordna nivå opplyse om:

- Barnehagen, skulen og læreverksemda sitt verdigrunnlag
- Institusjonen sitt bidrag til individet og samfunnet sin funksjon og utvikling
- Korleis institusjonen skal møte det einskilde barnet og den einskilde eleven.

Ut frå eit utgangspunkt på 4 framlegg, har utvalet kome fram til konsensus, og levert ei samrøystes innstilling.

Utvalet sitt framlegg til nytt formål for opplæringa, OPL § 1 - 2:

Opplæringa i skule og lærebedrift skal opne dører mot verda og framtida og gje elevane historisk og kulturell innsikt. Ho skal byggje på respekt for menneskeverdet, på åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet, slik desse grunnleggjande verdiane kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, i ulike religionar og livssyn, og slik dei er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liv sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartronge. Elevane skal lære å tenkje kritisk, handle etisk og ta økologisk ansvar. Dei skal ha medansvar og høve til medverknad.

Skulen og lærebedrifta skal møte elevane med tillit og krav, og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

Skulen skal samarbeide med heimen.

Utvalet sitt framlegg til nytt formål for barnehagen, Barnehagelova § 1:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal byggje på respekt for menneskeverdet, på åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet, slik desse grunnleggjande verdiane kjem til uttrykk i kristen og

humanistisk tradisjon, i ulike religionar og livssyn, og slik dei er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på naturen og kvarandre. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og legge vekt på barndommen sin eigenverdi. Den skal medverke til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Oversetjinga av § 1 i barnehagelova er omsett til nynorsk lokalt.

Skule- og kultursjefen sitt framlegg til vedtak:

Skule- og kulturutvalet sluttar seg til Bostad-utvalet sine framlegg til nye formål for barnehage og opplæringa.

Handsaming i Skule- og kulturutval 25.10.2007.

- Framlegg frå repr. Jon Olav Kvamme (Krf):

Skule- og kulturutvalet sluttar seg til Bostad- utvalet sine framlegg til nye formål for barnehage og opplæring med følgjande endring:

1. Setninga: "i ulike religionar og livssyn" blir teken ut både i formål for opplæringa, og i formål for barnehagen.
2. Setninga: "skulen skal samarbeide med heimen", blir endra til:
"opplæringa i grunnskulen skal skje i samarbeid og forståing med heimen." Gjeld formål for opplæringa

SK-071/07 Vedtak:

Ved avrøysting fekk framlegget frå repr. Jon Olav Kvamme (Krf) pkt. 1: 3 røyster medan 4 røysta mot.

Pkt. 2 i framlegget frå repr. Jon Olav Kvamme vart samrøystes vedteke.

Resten av administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.

Arne B. Berge
- sekr.-

Utskrift sendt til:
postmottak@kd.dep.no

